

Ragnar Hindenes
Svindalsvegen 40

Kløvheim 05.06.18

5913 EIKANGERVÅG

Lindås Kommune
Byggesaksavdelinga v/Anne LiseMolvik
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Vedrøranda registrert feil/mangel på gbnr 24/37

Viser til dykkar brev av 22.05.18 der eg blir bedt om å komme med tilbakemelding på kva avløp eigedommen har.

I dag har eigedommen ein støypt septiktank med spredning til jord.

Viser til samtale med Anne Lise Molvik i dag der me vart bedt om å skrive kva me tenker kan være ei minnelig løysing på situasjonen. Kommunen viser i sitt brev til at det er kommunalt kloakkanlegg i nærleik til eigedommen.

Da det kommunale kloakkanlegget vart etablert her vart da laga til påkoblinsuttak til min eigedom, men den vart ikkje ført fram til eigedomsgrensa. Den ligg i dag ca 60 meter i ulendt terreng fra eigedommen. Me er positive til å koble oss på den kommunale kloakkanlegget, men utfordringa er at da må eg kryssa den kommunale vegen med rør. Det vil medføra svært høge utgifter særleg knytt til å dekke oppgraving og lukking/asfaltering av vegen. Me vurderer at ei god løysning kan være at me tek utgiftene med å laga grøft i terrenget fra eigedommen til påkoblingspunkt, og kostnader med påkobling (rørlegger, rør, påkoblingsutgifter mm) og at kommunen dekker utgifter knytt til at den kommunale vegen må åpnast og lukkast.

Med helsing
Ragnar Hindenes